

Referat av styremøte for Sunnmør Skyttarsamlag



Møtedato: 26.06.23

Møtestart: Kl. 18:00

Møtestad: Miniaturbana til Sykkylven

Desse møtte: Ola Vangen, Roger Vangen, Ronny Vedå, Thor Einar Aurdal, Tom Olav Moldskred

Møtte ikkje: Karoline Hansen, Ola Kåre Dybvik

Sak 7/2023 - Møte i Midt-Noreg Landsdel under MNM 2023

Ola orienterte om sakliste til møtet. Styret har ikkje nokon ekstra saker som må takast opp i møtet.

Sak 8/2023 - Gjennomgang tilbakemelding på høring frå Mørekretnen

Engesetdal/Skodje, Sunnlyven, Sykkylven og Stranda og Ørskog skyttarlag har kome med tilbakemeldingar. Tilbakemeldingane er stort sett om at dagens turnus bør fortsetje. Om meisterskapa vert sentralisert er laga redd for at samlaga i ytterkant fell i frå. I tillegg til å miste ekstra inntektbringjande arrangement + god PR for det lokale skyttarmiljøet.

Sak 9/2023 - Terminlistemøte/skyttarlagsmøte 2023

Det leggjast opp til møte måndag 21. august kl. 18. Ola spør aktuelle skyttarlag om møtelokale.

Sak 10/2023 - Status økonomi

Kasserar orienterte om status økonomi i samlaget: Ca. 50 000kr på konto. Fekk litt over 25 000kr frå skyttarkontoret i driftsstøtte og 17 000kr frå Mørekretnen. Der vil kome noko meir driftsstøtte mot slutten av året.

Av kostnadar kjem der ein faktura på to stk nye vandrepokalar. Elles er det lite utgifter per nå.

Sak 11/2023 - Sunnmør + Søre Sunnmøre = sant?

Styret har ikkje høyrte noko meir frå Søre Sunnmøre ang ynskje om ei eventuell samanslåing. Om det ikkje kjem noko meir initiativ leggjast saka vekk inntil vidare.

Sak 12/2023 - Ombodsmøte 2023

Dato: 5.des

Møtestad: Aalesund sitt skyttarhus

Tidspunkt: Kl. 18 – 20 ca.

Styret har per nå ingen tilleggssaker å forberede.

Sak 12/2023 - Heidersteikn 2023

Styret diskuterte saken.

Møtet slutt: Kl. 19:32

Ola Vangen

referent